



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3303 - 15/36150

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
15.12.2015

Løyve til etablering av avlaupsanlegg - gbnr 214/35 Fyllingsnes.

Administrativt vedtak. Saknr: 559/15

Tiltakshavar: Lorentz Olsen
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av avlaupsanlegg for hytte med adresse Litlevågsbrotet 51 på gbnr 214/35. Det er gitt utleppsløyve i vedtak datert 10.12.2015. Det vert elles vist til søknad motteke 03.11.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 03.11.2015 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som er omfatta av Storneset strandplan, planID 1263-20101976. Området er sett av til byggjeområde for fritidsbustadar. Området i sjø er i arealdelen til kommuneplanen sett av til bruk og vern av vassdrag, med tilhøyrande strandsone. Det er registrert omsynssone friluftsliv i sjøområdet. Tiltaket er i samsvar med strandplanen og vil ikkje heller ikkje vera i strid med arealføremålet i sjø, jf punkt 6.2 i føresegnene til kommuneplanen.

Det er søkt om dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona, jf pbl § 1-8, men då tiltaket ligg innanfor eldre godkjend plan utan byggjegrænse vil denne gjelda framfor det generelle byggjeforbodet i pbl § 1-8, jf fortolkning frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 17.05.2015. Dispensasjon vil såleis ikkje vera naudsynt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.



Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 04.09.2015.

Vatn og avløp (VA)

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i vedtak datert 10.12.2015. I samsvar med søknaden skal utsleppet frå eigedomen reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø på minst 10 meter djupne.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Anlegget skal gravast ned og terrenget reetablerast slik at tiltaket gjev minst moglege spor.

Privatrettslege tilhøve

Lorentz Olsen er oppgitt som tiltakshavar. I følge matrikkelen, som er det sentrale eigedomsregisteret i Noreg, er det Steinar Olsen som er heimelshavar.

Heimelshavar har gitt søkjar fullmakt i skriv datert 02.11.2015.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Søknader om ansvarsrettar vert godkjend slik det går fram av vedtaket.

Godkjenning etter andre lovverk

Det ligg føre løyve frå Bergen og Omland Havnevesen datert 06.11.2015.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av avlaupsanlegg i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 04.09.2015, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1, jf i SAK § 9-3.
3. Tiltaket skal utførast i samsvar med utsleppsløyve i vedtak datert 10.12.2015.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Lindås Rør & Sanitær AS	935 347 920	S	1	Ansvarleg søkjar

PRO	Lindås Rør & Sanitær AS	935 347 920	S	1	Slamavskiljar med utsleppsløyve
UTF	Lindås Rør & Sanitær AS	935 347 920	S	1	Slamavskiljar med utsleppsløyve

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3303

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal visa at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest senda oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfesta at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan

eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisera attståande arbeid, stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggja føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.6	Basisgebyr andre bygningar, konstruksjonar og anlegg	1	Kr 3 400
10.2.9 a	Godkjenning av ansvarsrett per føretak med sentral godkjenning	1	Kr 1 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 4 400,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lorentz Olsen	Andreas	5260	INDRE ARNA
	Gjellesviks veg 23		
Steinar Olsen	Henrik	5031	BERGEN
	Wergelands gate 7		

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
-------------------------	---------------	------	----------